

Arkivsaksnr: 2015/594-0

Saksbehandler: Linn Myrvold

Dato: 23.01.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	5/2015	

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde- Søknad om løyve til istandsetjing av kaia på Ljøen, Stranda Kommune

Søkjjar

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv v/ Merete Løvoll Rønneberg

Dokument i saka

1. Søknad datert 21. jan. 2015

Søknaden vurderast etter

1. Naturmangfaldloven (NML)
2. Forvaltningsplan – Vestnorsk Fjordlandskap- Delområde Geirangerfjorden
3. Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde

Saksframlegg

Søknad

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv v/ Merete Løvoll Rønneberg søker av 21. jan. 2015 om dispensasjon til å sette i stand kaia ved Nedre Ljøen i Stranda Kommune. Botnen på kaia har glidd ut og toppdekket og muringa på toppdekket er prega av slitasje. Stiftinga har i samarbeid med grunneigarane søkt om midlar frå kulturavdelinga i Fylkeskommunen til restaureringsarbeidet og fikk godkjent søknaden og pengane overført i 2015. Føremålet med istandsetjinga er å ta vare på det historiske kaimiljøet og å gjera kaia sikker for privat og kommersiell bruk. Stiftinga ønskjer på sikt å kunne bruke området ved Nedre Ljøen som ein «friluftlivsmøteplass» kor de ønskjer å leggje til rette for aktivitet og friluftsliv gjennom enkle og naturvenlege tiltak.

I samanheng med istandsetjing av kaia søkas det om følgjande tiltak:

Nytt fundament: støyping av ny botn på kaia under vassflata.

Rekonstruksjon av toppdekket på kaia: Dei to øvste radane av muren trenger å justeras og delvis murast på nytt. Det ønskas å bruke stein frå området på Nedre Ljøen.

Støype betongdekke: Det gamle betongdekket har blitt delvis slitt bort av vind og vær og må byggas opp igjen.

Forankringspunkter/Pullert: enkelte forankringspunkt må skiftas ut og det søkas om å få sette opp nokon nye forankringspunktar.

Fenderverk: Det finnes foreløpig ingen dokumentasjon på at det har eksistert eit fenderverk tidlegare og det blir derfor regna som eit nytt tiltak.

Vurdering

Føremåla med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er å:

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Etter verneforskrift § 3 punkt 1.1 er det forbod mot inngrep som m.a. oppføring og ombygging av bygningar eller anlegg.

Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gi løyve til restaurering eller istandsetting av kulturminne/kulturmiljø etter § 3 punkt 1.3 d i verneforskrifta. Reparasjon av kaikant, påfyll av betongdekke og utskifting av eksisterande forankringspunkt reknas som ein del av restaureringa. Det finnes ingen heimel i verneforskrifta for å bygge nye forankringspunktar eller fenderverk og disse tiltaka må derfor vurderas etter Dispensasjonsparagraf § 48 i Naturmangfaldlova. Støyping av fundament vil gå føre seg under vatn og vil derfor ikkje ha nokon innverknad på landskapets art eller karakter og trenger derfor ikkje å vurderast etter verneforskrifta.

Kaia ved Nedre Ljøen ble bygget mellom 1915 og 1918 og ble sist restaurert i 1959 kor det ble lagt eit dekke med grov betong på toppen. Vegen ned til Ljøkaia var ein del av den Nasjonale postveg på slutten av 1800-talet og er derfor av historisk verdi og er blant dei mest besøkte turvegane i landskapsvernområdet. I forbindelse med tildelinga av midlar frå Fylkeskommunen har Stiftinga fått klare føringar frå Fylkeskonservatoren på korleis kaia skal restaurerast etter antikvariske prinsipp. Det inneberer at ein endrar så lite som mogeleg og at det som skiftas ut erstattas av ein kopi av det opphavlege og at alt av reparasjon skal skje etter samråd med antikvarisk fagetat. Fylkeskonservatoren vil komme med rådgjevnad undervegs i byggeprosessen for å sikre at dei antikvariske prinsippa blir godt nok ivaretekne.

Etter forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap delområde Geirangerfjorden er det viktig å ta vare på kulturminner og kulturmiljø for at framtidige generasjonar skal få same muligheit som oss til å forstå og oppleve historia vår (s. 30). I kvart konkret tilfelle lyt ein vurdere om eit kulturminne/kulturmiljø skal sikrast, restaurerast og/eller leggas til rette for bruk og oppleving (s. 29). Ljøkaia ligger innafor brukssona som er eit område der landbruksdrift tradisjonelt har vore utøvd (beiting, setring, hogst og likande). Ei soneinndeling inneber at det vil vere lettare å få løyve etter verneforskrifta til ulike tiltak i brukssone enn i vernesone (s. 24) og det kan i større grad leggjast til rette for friluftsliv og ferdsel i samband med reiseliv i denne sona (. 26). Tilrettelegging for friluftsliv innafor landskapsvernområdet er ønskelig så lenge det byggar på eksisterande ferdselsmønstre etter stiar og rutenett og så lenge tiltaka tilpassast med formål om å ta vare på naturkvalitetane (s. 24). Det er elles gitt føringar for å leggje til rette for nye turmål for å spreie ferdselstrykket innafor landskapsvernområdet, slik at ein kan beskytte områdar som allereie er mye nytta mot unødige slitasje. Ved å auke ferdselstrykket på Nedre Ljøen vil presset på naturen kunne auke og det kan derfor være behov for etablering av tiltak som sanitæranlegg eller liknande for å hindre forureining av naturen (s. 36).

Vurdering etter naturmangfaldlova

NML § 48 opnar for at det kan gis dispensasjon dersom tiltaket ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig. Både fenderverk og forankringspunktar vil bli bygd etter antikvariske prinsipp. Fenderverket vil fungere som ein beskyttelse når båtar skal legge til kai og være med på å motverke slitasje på kaia.

Det vurderas dit at fenderverk og nye forankringspunktar på kaia ikkje vil stride mot vernevedtakets formål i seg sjølv. Men tiltaka vil bidra til at kaia brukas av fleire som igjen vil føre til auka ferdsel i området.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget er henta frå søknad, bildedokumentasjon, verneforskrift, forvaltningsplan og Naturbase og vurderast som tilstrekkelig dokumentert. Det er ikkje registrert nokon raudlista artar i nærleiken av kaia.

§ 9 i NML om føre – var prinsippet.

Kunnskapsgrunnlaget vurderas som tilstrekkelig for å ta ein avgjerse i saka og det er derfor ikkje nødvendig å ta i bruk § 9.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Dersom det leggas til rette ved påbygg av fenderverk og nye forankringspunktar vil private og kommersielle aktørar kunne legge til med båt og ferdsla i området vil kunne auke markant samanlikna med dei siste åra. Med tanke på at området ved Nedre Ljøen er innafor brukssona og at det ikkje finnes nokon trua natur- eller dyreartar i nærleiken av kaia vurderast det som at tilrettelegginga ikkje vil føre til slitasje på sårbare naturområder. Det må likevel gjerast ei vurdering på kor mykje ferdsel området har kapasitet til å tåle og om dette er ein del av landskapsvernområdet kor ein ønskjer at det skal kanaliseras ferdsel til.

For å unngå fare for presedens vil det for kvar enkelt søknad bli føreteke ei heilskapleg vurdering av tiltakets påverknad på landskap, miljø og økosystem. Ei eventuell løyve i dette tilfellet vil derfor ikkje nødvendigvis bety at ein vil gje løyve til ein liknande søknad i framtida.

Kaia har elles vært ein del av landskapet over lang tid og det vurderast derfor som at reparasjon ikkje vil føre til vesentlige endringar i landskapets art eller karakter.

§ 11 kostnad ved miljøforringelse

Alle rester av bygningsmaterialar må ryddast frå området ved ferdigstilt arbeid.

§ 12 «Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar

Sjølv om det går ein gamal traktorveg ned til Ljøkaia vil det være mest aktuelt å bruke sjøvegen for å frakte utstyr og material inn for reparasjon av kaia slik som det beskrivas i søknaden. Dersom det skulle bli aktuelt med helikoptertransport må dette søkas om.

Konklusjon

Ut frå ein samla vurdering finn vi grunnlag for å gi løyve til restaurering av Ljøkaia med heimel i verneforskrift § 3 punkt 1.3 d. Initiativet til å restaurere Ljøkaia vurderast som positivt for å ta vare på kulturminne og for å legge til rette for å spreie ferdselstrykket innafor landskapsvernområdet. Etter ei samla vurdering konkluderas det elles med at bygging av nye forankringspunktar og fenderverk vil ha beskjeden konsekvens for verneformål og verdiar. Det vurderas derfor som at vilkåra for å gi dispensasjon etter § 48 i NML første ledd er oppfylt og det anbefalas derfor at dispensasjon blir gjeve. I samband med løyve/dispensasjon rådast det til å etablere gode sanitære løysingar for å motverke forureining i området.

Forslag til vedtak

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv får med dette løyve av verneområdestyret til å restaurere Ljøkaia ved Nedre Ljøen i Stranda kommune. Løyva er gitt med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 d og føringar i forvaltningsplanen. Dispensasjon til bygging av nytt fenderverk og nye forankringspunktar er gitt etter dispensasjonsparagraf § 48 i naturmangfaldlova og alle tiltaka er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vilkår

Løyva er gjeve med følgjande vilkår

- Ljøkaia skal restaureras etter dei antikvariske prinsippa som blir gitt av Fylkeskonservator knytt til byggeteknikk, materialval og utforming.

- Utstyr og materialar skal fraktas inn med båt via fjorden.
- Alt av resterande material skal fjernast frå verneområdet ved ferdigstilling og det skal ikkje være etterlatt andre spor i terrenget enn dei rustfrie boltane i stein.
- Tiltakshavar har ansvar for å innhente løyve frå grunneigar og Stranda Kommune etter plan- og bygningsloven før tiltaket kan settas i gang.

Klageadgang

Vedtaket kan påklagas av en part eller annen med rettslig klageinteresse, jf. forvaltningsloven § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er mottatt. Klagen stiles til Miljødirektoratet, men sendes til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.